

## Evalueringsskjema

Emnekode: STV1501

Emnetittel: EU som politisk system

Språk:  Norsk  Engelsk

### Eigenevaluering emneansvarleg:

Dette er et godt innkjørt emne som eg har hatt ansvaret for sidan 2016. Kjernen i kurset er som kurstittelen seier ei innføring i EU som politisk system, med hovudvekt på institusjonar og politikkområde. I tillegg er det eigne forelesningar om partisystemet på europeisk nivå, utvidingsprosessane, Brexit, europeisk identitet og demokrati i EU, og forholdet mellom Noreg og EU, med hovudvekt på EØS. Hovudstrukturen i kurset har vore den same sidan starten, med to unntak: 1) ei forelesing om folkeavstemmingar (B. Aardal) vart frå 2021 erstatta med ei forelesning om Brexit (Ø. Bratberg), og 2) europeisk identitet er frå 2022 kopla saman med demokrati og differensiert integrasjon og plassert lenger ut i rekka (fungerte ikkje heilt optimalt i 2022).

Pensum består av to lærebøker: Olsen et al dekkjer institusjonane og McCormick politikkområde. Begge er relativt nyleg oppdatert. I tillegg består pensum av forskingsartiklar som utdjupar tema som er overflatisk (eller ikkje) dekt i lærebøkene.

Fordi dette er eit 1000-emne, har det ikkje vore seminarundervisning.

Emnet har vore relativt populært både blant programstudentar og enkeltemnestudentar, og det er mitt inntrykk at det fungerer godt. Fordi emnet er ope for alle, er forkunnskapane veldig ulike, og mange av studentane kjennen ikkje kvarandre frå før. Det gjer det utfordrande å engasjere studentane i forelesingane, men årets kull var i alle fall meir aktive enn fjarårets. Det verkar som den passifiserande effekten av pandemien har fortatt seg noko.

### Oppsummering av studentevaluering:

Den eine emnekontakten var sjuk og deltok derfor ikkje på evalueringsmøtet. Den andre var godt nøgd med kurset, og tykte forelesingane var gode og hadde ei fornuftig rekkefølgje. Pensum: emnekontakten var glad for at den eine læreboka er på norsk, er ikkje sjølv veldig glad i å lesa på skjerm, men tykte at det digitale pensumet stort sett hadde eit greitt sidespenn og gav krydder til kurset, sjølv det varierte litt kor vanskelege bidraga var. (Andre studentar har gjeve tilbakemelding på pensum direkte til meg underveis i kurset). Studenten tykte dei frivillige quizzane knytt til kvar forelesing var nyttige, men ønskte seg obligatorisk essay som kvalifiseringsoppgåve (med tilbakemelding). Det siste er eit ressursspørsmål, og derfor dessverre ikkje aktuelt.

### Forslag til forbeteringar:

Det er etter mi vurdering ikkje behov for å gjera store endringar i kurset, men eg vil som vanleg revidere pensum for å halde det mest mogleg oppdatert. Det er særleg aktuelt for pensum om utvidingsprosessane, fordi Ukraina og Moldova vart kandidatar sommaren 2022, dvs. etter at pensum for årets kurs var lagt inn. Utfordringa blir å finne artiklar som både er oppdatert og som eignar seg på bachelornivå. Eg vurderer dessutan å byte ut pensum om demokratidimensjonen i EU (demokratisk underskot i EU og demokrati i medlemsland). Endeleg har eg merka meg eit par artiklar som studentane tykte var spesielt vanskelege, og vil prøve å finne alternative tekstar.